**Fra:** Atle Berge <vabe@udi.no>
**Sendt:** 13. september 2015 19:55
**Til:** 'postmottak.sentrala@sandnes.kommune.no'; 'postmottak@stavanger.kommune.no'; 'postmottak@haugesund.kommune.no'; 'sentraladm@sokndal.kommune.no'; 'postmottak@lund.kommune.no'; 'postmottak@bjerkreim.kommune.no'; 'post@ha.kommune.no'; 'postmottak@klepp.kommune.no'; 'postmottak@time.kommune.no'; 'postmottak@gjesdal.kommune.no'; 'epost@sola.kommune.no'; 'post@randaberg.kommune.no'; 'post@forsand.kommune.no'; 'postmottak@strand.kommune.no'; 'postmottak@hjelmeland.kommune.no'; 'postmottak@suldal.kommune.no'; 'sauda.kommune@sauda.kommune.no'; 'post@finnoy.kommune.no'; 'post@rennesoy.kommune.no'; 'kommunehuset@kvitsoy.kommune.no'; 'gsorense@bokn.kommune.no'; 'post@tysver.kommune.no'; 'postmottak.sentral@karmoy.kommune.no'; 'post@utsira.kommune.no'; 'postmottak@vindafjord.kommune.no'; 'info.avd@bergen.kommune.no'; 'firmapost@etne.kommune.no'; 'postmottak@sveio.kommune.no'; 'postmottak@bomlo.kommune.no'; 'post@stord.kommune.no'; 'fitjar@fitjar.kommune.no'; 'post@tysnes.kommune.no'; 'post@kvinnherad.kommune.no'; 'jonkult@online.no'; 'epost@odda.kommune.no'; 'postmottak@ullensvang.kommune.no'; 'postmottak@eidfjord.kommune.no'; 'ulvik@ulvik.kommune.no'; 'postmottak@granvin.kommune.no'; 'postmottak@voss.kommune.no'; 'postmottak@kvam.kommune.no'; 'postkasse@fusa.kommune.no'; 'adm@samnanger.kommune.no'; 'os.kommune@os-ho.kommune.no'; 'postmottak@austevoll.kommune.no'; 'post@sund.kommune.no'; 'postmottak@fjell.kommune.no'; 'postmottak@askoy.kommune.no'; Postmottak Vaksdal; Postmottak Modalen; Post Osterøy; Postmottak Meland; 'post@oygarden.kommune.no'; Postmottak Radøy; Postmottak Lindås; 'sentraladministrasjonen@austrheim.kommune.no'; Postmottak Fedje; Post Masfjorden kommune; 'raadmannen@flora.kommune.no'; 'postmottak@gulen.kommune.no'; 'post@solund.kommune.no'; 'postmottak.hyllestad@hyllestad.kommune.no'; 'postmottak@hoyanger.kommune.no'; 'post@vik.kommune.no'; 'postmottak@balestrand.kommune.no'; 'postmottak@leikanger.kommune.no'; 'postmottak@sogndal.kommune.no'; 'post@aurland.kommune.no'; 'post@laerdal.kommune.no'; 'postmottak@ardal.kommune.no'; 'postmottak@luster.kommune.no'; 'postmottaket@askvoll.kommune.no'; 'postmottak.fjaler@fjaler.kommune.no'; 'postmottak@gaular.kommune.no'; 'postmottak@jolster.kommune.no'; 'postmottak@forde.kommune.no'; 'postmottak@naustdal.kommune.no'; 'post@bremanger.kommune.no'; 'post@vagsoy.kommune.no'; 'post@selje.kommune.no'; 'post@eid.kommune.no'; 'postmottak@hornindal.kommune.no'; 'post@gloppen.kommune.no'; 'postmottak@stryn.kommune.no'
**Emne:** [BULK] Behov for fleire mottaksplassar for asylsøkjarar i region vest

**Til alle kommunar ved ordførarar og rådmenn i Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland**

Vi viser til brev datert 5.september frå UDI til alle kommunar i landet om behovet for rask oppbygging av mottaksplassar.

Som vi alle har sett gjennom media, har det den siste tida kome svært mange flyktningar til europeiske land. Ein del flyktningar har og tatt vegen til Noreg og dette har gjort at talet på asylsøkjarar her i landet har auka mykje. Berre i august kom det over 2 300 asylsøkjarar. Dette er det høgste talet for ein einskild månad sidan Bosnia-krigen på 90-tallet. I september har talet på asylsøkjarar til Noreg auka ytterlegare. Einslege mindreårige utgjer ein større del av dei som kjem enn det som har vore vanleg tidlegare år.

Dei høge ankomsttala fører til eit behov for fleire tusen nye mottaksplassar, og UDI jobbar no med etablering av nye mottak over heile landet. I region vest - Hordaland, Rogaland og Sogn og Fjordane - har vi dei siste vekene løyst ut opsjonsplassar ved etablerte mottak, konvertert til saman 60 ordinere plassar ved to mottak til einslege mindreårige og i tillegg etablert to nye mottak for einslege mindreårige. Regionkontoret har nettopp gjort kjend ein konkurranse på Doffin (den nasjonale kunngjeringsdatabasen for offentlege innkjøp), der vi ønskjer å kjøpa inntil 1500 mottaksplassar fordelt på om lag 10 mottak i regionen. Dette inneber at mange kommunar, både dei som har erfaring som vertskommune for mottak og andre kommunar, kan koma til å bli kontakta av ulike instansar som ønskjer å driva mottak i kommunen.

UDI ønskjer med dette å informera alle kommunane i regionen om prosessen som går føre seg for å skaffa nok mottaksplassar, men vi ønskjer og å oppmoda om at de dersom de veit om ledig bygningsmasse i kommunen som kan vera aktuell for mottaksdrift raskt kan kontakte eksisterande driftsoperatørar for å diskutera drift av mottak i bygda. Kommunen kan og vurdera å vera driftsoperatør for eit mottak. Vi har to kommunale  driftsoperatørar for mottak i regionen, og ønskjer nye velkomne.

Vi opplever no ein stor velvilje blant kommunar og blant folk flest med tanke på å skaffa tak over hovudet og gode tilbod til flyktningane som kjem til landet. Dette set vi stor pris på! Vi veit at slik rask oppbygging vil bli krevjande for kommunar og driftsoperatørar, men vi håpar og trur at velviljen og engasjementet vi har erfart vil gjera det mogleg for UDI å etablera dei mottaksplassane det er behov for både.

Med helsing

**Atle Berge**
regiondirektør

Region- og mottaksavdelingen
Regionkontor Vest
+47 91106299

UDI
Utlendingsdirektoratet
www.udi.no